

REGULERINGSFØRESEGNER FOR DETALJREGULERINGSPLAN FOR

Fv. 20 Nerlandsøybrua, Herøy kommune

Planidentifikasjon: 201803

Kommunens sak/arkivnr: 2015/596/9/L13

Planforslagsdato: 27.03.2019

Revidert etter innkomne merknader: 12.04.2019

Vedtatt i kommunestyret i sak xx/2018:

§ 1. Generelt

1.1 Planavgrensning

Reguleringsplanen omfattar planomtale, reguleringsføresegner, teikningar og reguleringsplankart i målestokk 1: 1000; blad 1-4. Regulert område er vist med reguleringsgrense på reguleringsplankarta. Reguleringsføresegnene gjeld for areal som ligg innanfor plangrensa.

1.2 Reguleringsformål

Planområdet er regulert til følgjande formål:

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, punkt 1):

- Bustader (B)
- Sentrumsformål (BS)
- Næringsbygningar (BN)
- Uthus/naust/badehus (BUN)
- Kontor/Industri (BKB)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, punkt 2):

- Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (o_SA)
- Køyreveg (o_SKV, f_SKV og SKV)
- Gang- og sykkelveg (o_SGS)
- Annan veggrunn – tekniske anlegg (o_SVT)
- Annan veggrunn – grøntanlegg (o_SVG)
- Kai (o_SK og f_SK)
- Kollektivhaldeplass (o_SKH)
- Parkering (o_SPA og f_SPA)
- Kjørbar gang- og sykkelveg (o_SKF)

Grøntstruktur (PBL § 12-5, punkt 3):

- Naturområde – grønnstruktur (GN)
- Vegetasjonsskjerm (GV)

Landbruks-, natur- og friluftsområde samt reindrift (PBL § 12-5, punkt 5):

- Landbruksformål (LL)

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (PBL § 12-5, punkt 6):

- Farleier (o_VF)
- Hamneområde i sjø (o_VHS)
- Naturområde i sjø og vassdrag (o_VNV)

Omsynssoner (PBL § 12-6):

- Faresoner:
 - Høgspenningsanlegg, høgspenkablar (H370)
- Soner med særlege omsyn:
 - Bandlegging kulturmiljø (H730)
 - Bevaring kulturmiljø (H570)

Områdeføresegner (PBL § 12-7, punkt 1):

- Områdeføresegner, RpBo
- Mellombels rigg- og anleggsområde (#)

§ 2. Fellesføresegner

2.1 Kulturminne

Dersom det i samband med utbygginga blir oppdaga automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje er kjent, skal arbeidet stansast i den utstrekning det berørte kulturminnet eller sikringssona på 5 meter kjem i konflikt med anleggsarbeidet. Funn skal straks meldast til fylkeskommunen si kulturavdeling, jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

I samband med realisering av planen skal det i anleggsfasen førast opp eit midlertidig gjerde av stålnett langs austre grense til H730_3 og langs vestre grensa til RpBO136386. Dette for å hindre utilsikta skade på det automatisk freda gravfeltet (id 45872) som ligg innanfor H730_3 sonen og det som ligg att av busetnads- og aktivitetsområdet med id 136386 utanfor planområdet. Inngjerdinga skal skje i samråd med regional kulturstyresmakt, Møre og Romsdal fylkeskommune.

2.2 Universell utforming

Gang- og sykkelveggar, busshaldeplassar og parkeringsplassar skal byggast etter prinsippa om universell utforming.

2.3 Støy

- Rettleiar for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442) skal ligge til grunn for gjennomføring av reguleringsplanen. Målet er å oppfylle grenseverdi 55 dB (Lden) på uteopphaldsplass og utanfor vindauge til rom med støyfølsam bruk. For innandørs støynivå i bustader er ambisjonsnivået 30 dB (Leq24h). Naudsynte tiltak mot støy går fram av støyutgreiing for Fv 20 Nerlandsøybrua - Støyrapport datert 21.12.2017. Støyskjerm er planlagt på Kvalsund ca. profil 2000-2100 på venstre side, skjermen skal vere omlag 1,2 m høg.

- Bustader som etter dei fastlagte støytiltaka likevel får eit støynivå over Lden 55 dB på uteopphaldsplass eller over 30 dB innandørs, skal få tilbod om lokal skjerming og/eller fasadetiltak i samband med gjennomføring av reguleringsplanen. Fritidsbustader skal tilsvarande ha tilbod om lokal skjerming av uteopphaldsplass, og vere sikra ei stille side (Lden 55 dB på fasade utanfor første etasje). Ei oversikt over kva eigedomar som i byggeplan vil verte nærmare vurderte for mulige støytiltak, går fram av tabell 6.7.1 i planomtalen. Konkret utforming og utføring av lokale støytiltak blir avklart i samråd med den aktuelle eigaren, og eventuelt gjennom byggesaksbehandling dersom tiltaket er søknadspliktig. Ved fasadetiltak skal det sikrast tilfredsstillande ventilasjon i samsvar med byggtেকnisk forskrift til plan- og bygningslova.
- For bygningar bygd før 1987 og der kostnadane med støytiltak blir uforholdsmessig høge, kan ein avvike frå grenseverdiane for innandørs støy med opp til 5 dB, tilsvarande krava i NS 8175 klasse D.
- Støytiltak skal være ferdigstilt før veganlegget blir opna for trafikk.

2.4 Byggegrense langs offentleg veg

Byggegrense til vegen følgjer veglova § 29 andre ledd, der anna ikkje er vist på plankarta. For hovudvegen vil byggegrensa vere 50 m frå senterlinja på vegen.

2.5 Tiltak langs offentleg veg

Ved tiltak langs vegen skal det ikkje gjerast terrengingrep som gir vegkroppen dårlegare stabilitet.

2.6 Frisiktlinje ved vegkryss

Innanfor frisiktlinje ved vegkryss skal det vere fri sikt i høgde 0,5 meter over tilstøytande vegar.

2.7 Landskapsbehandling og terrengtilpassing

- Eksisterande botnvegetasjon og vekstmedium innanfor alle område som blir omfatta av vegbygginga (inkludert midlertidig rigg- anleggsområde), skal som første del av anleggsarbeidet takast av og mellomagrast på bestemte område i anleggsperioden.
- Botnvegetasjon og vekstmedium skal mellomagrast separat, og tiltak skal gjerast for at massane ikkje risikerer å bli infisert av ugras eller ureine massar. Resterande matjord, som ikkje inneheld ugras og uønskte artar, skal mellomagrast og leggjast ut igjen, men då utan synlege rester av røter og plantemateriale. Jord frå jordbruksareal og grøfter skal ikkje brukast som vekstmedium i område der det skal gjennomførast naturleg revegetering. Alt nytta areal knytt til veganlegget skal settast i stand og såast til, med nemnte unntak for område der det skal gjennomførast naturleg revegetering.
- Tilbakeført/nydyrka areal skal ha ein jordstruktur og dreneringsstaus som sikrar produksjonsevna til arealet. Utbygginga må gjennomførast på ein måte som minimerer/reparerer jordpakking, og hindrar innblanding av stein i dyrkingslaga. Matjord- og ev. strukturlag som blir fjerna for mellomagrast og tilbakeføring skal vere lagra kvar for seg, og bli lagt ut att i rett rekkefølge. Matjord skal lagrast i opp til to meter høge rankar.
- Matjord og andre vekstmassar i område som blir rørt av utbygginga (inkludert mellombels rigg- og anleggsområde), skal takast av. Matjord og andre vekstmassar som skal brukast til tilbakeføring av området kan mellomagrast i tiltaksområdet. Eventuell ny jord som blir tilført anlegget skal tilfredsstillende krav i Håndbok R761 – Prosesskode 1.
- Nytt veganlegg skal utførast slik at det blir best mogleg tilpassa eksisterande terreng og omgivnader. Alle skjeringar og fyllingar skal avsluttast inn mot terreng, slik at sideområda får ein estetisk god utforming, og slik at overgangen mot eksisterande terreng blir så naturleg som mogleg.

- Vilt- og sikringsgjerder skal plasserast på ein best mogleg estetisk måte i terrenget.

2.8 Tiltak i og langs vassdrag

Alle bekke-/elveomleggingar må ta omsyn til vassføring, erosjonssikring, biologisk mangfald og god istandsetting av landskapet. Det skal ikkje etablerast nye kulvertar/bruer som hindrar fisken i å passere. Det skal takast omsyn til kantsoner langs bekkar og elvar og dei må vernast på best mogleg måte. Det skal gjennomførast tiltak for å unngå tilslamming av vassdrag. Der kantsonen blir øydelagt, skal denne revegeterast/plantast så snart som mogleg.

2.9 Avvik i arealet for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Grunnerverv skal skje i samsvar med godkjent reguleringsplan. Endringar innanfor område regulert til veg vil kunne skje som følge av som for eksempel grunnforhold, feil kartgrunnlag og optimalisering av løysing. Areal som ikkje blir brukt til vegformål, skal nyttast som tilstøytande formål eller gå tilbake til opphavleg formål.

2.10 Byggjemelding/byggjesøknad

Saman med byggjemelding/byggjesøknad skal det leverast plan for den ubygde delen av tomta (utomhusplan) i målestokk 1:200.

Planen skal vise:

- Plassering av bygning, møneretning, etasjetal, høgde og form
- Biloppstillingsplassar
- Planter, grøntområde
- Møblering
- Belysning
- Høgder og fall på terreng og murar
- Anlegg som støttemurar og liknande
- Gangliner

Kommunen skal også sjå til at nybygg har arkitektoniske kvalitetar som speglar si eiga tid. Bygg og uteområde skal opparbeidast med god estetisk standard. Utforminga skal vere avdempa i forhold til fargebruk. Det må ikkje nyttast utvendig kledning, faste bygningsselement eller taktekking som i material- og/eller fargebruk verkar dominerande (t.d. signalfargar) eller skjemma for omgjevnadane.

2.11 Gesimshøgder

Gesimshøgde skal målast som definert i Teknisk forskrift til plan- og bygningslova. Tillate gesimshøgder er oppgitt under dei enkelte byggeområda i føresegnene.

2.12 Avfallscontainerar

Alle område skal haldast ryddig. Bygningar skal ha eigne rom for oppbevaring av avfallscontainerar. Ute-lagring er ikkje tillate.

§ 3. Bygningar og anlegg

3.1 Bustader (B)

Formål, utnytting og høgder

Område merka B på plankartet er sett av til bustader.

Bygningar kan førast opp med ei gesimshøgde på maksimalt 8 m.

For B er BYA sett til 30%.

3.2 Sentrumsformål (BS)

Formål, utnytting og høgder

Område merka BS på plankartet er sett av til sentrumsformål. Før utbygging kan ta til må områda

Kleivavika og Kleivanaset detaljregulerast.

3.3 Næringsbygningar og småbåtanlegg (BN)

Formål, utnytting og høgder

Områda merka BN1 - BN4 og BN6 på plankartet er sett av til næringsbygningar, dvs. maritimt retta næringsverksemd og sjøbuer for fiskerinæring.

Bygningar kan førast opp med ei gesimshøgde på maksimalt 8 m.

For område BN1, BN2, BN3, BN4 og BN6 er BYA sett til 50 %.

Områda merka med BN5 og BN7 på plankartet er sett av til småbåtanlegg med landfunksjonar for småbåthamn. BN5 er sett av til slipp for sjøsetting / opptrekk av båtar.

Det kan oppførast anlegg og konstruksjonar som naturleg høyrer til småbåthamna som båtopptrekk og slipp. Det kan førast opp naudsynt servicebygg for stelling av båtar.

Utforming av bygningar og anlegg

Utfylling skal skje innanfor område avsett til næringsverksemd på plankartet med opparbeida avgrensing til sjø i naturstein eller tilsvarande materiale.

Nybygg skal i størst mogleg grad oppførast i likskap med stadleg sjøhusarkitektur og/eller vere i stil med eksisterande bygningar.

3.4 Naust (BUN)

Formål, utnytting og høgder

Område merka BUN1 og BUN2 på plankartet er naustområde som skal brukast til oppbevaring av båt og tilhøyrande reiskap/vegn. I naustområde skal det ikkje førast opp bygg anna enn i risikoklasse 1, jf. byggteknisk forskrift § 11-2. Det er forbod mot å innreie rom/loft i naust til varig opphald.

Når naustgrupper får større samla areal enn 480 m², skal det vere 8 m avstand til neste naustgruppe. Alternativ til 8 m avstand er brannskiljekonstruksjon som held klasse EI 60. Dobbeltaust med storleik over 60 m² må ha brannskiljekonstruksjon som held klasse EI 60 mot andre naust.

Ferdig golv i naust skal plasserast i intervallet 1,5 – 2,5 over kote 0 avhengig av terrenghøgda på staden, og alle konstruksjonar skal dimensjonerast og utformast til å kunne tole påkjenningar ved stormflo.

Mønehøgde, rekna frå topp golv nærast sjøen, skal ikkje vere større enn 6,5 m.

Naust skal ha saltak med takvinkel i intervallet 30 – 40 grader.

Vindauge må vere av avgrensa storleik og samsvare med behovet knytt til naustfunksjonen.

Vindaugearealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av hovudplanet sitt bruksareal (BRA).

Det skal ver mogeleg for ålmenta å ferdast framfor og mellom naust og naustgrupper. Det er ikkje tillate med gjerde/levegg eller andre stengsler i områda. Naust skal vere i tradisjonell stil med trekledning og enkel utforming utan ark, kvist og andre takopplett, balkongar, altan, karnapp eller liknande fasadeelement som ikkje er i samsvar med naustet sin funksjon. Fargebruken skal vere avdempa. Dette gjeld også fargen på lister og annan detaljering.

3.5 Kombinert kontor- og industriformål (BKB)

Formål, utnytting og høgder

Område merka BKB på plankartet er sett av til kombinert kontor- og industriformål.

Bygningar kan førast opp med ei gesimshøgde på maksimalt 6 m og ei mønehøgde på maksimalt 9 m.

For BKB er BYA sett til 50%.

Utforming av bygningar og anlegg

Kommunen skal godkjenne plassering av nybygg.

Nye bygg på område BKB skal innpassast i ei heilheitleg løysing for området.

Nybygg skal i størst mogleg grad oppførast i likskap med stadleg sjøhusarkitektur og/eller vera i stil med eksisterande bygningar.

§ 4. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

4.1 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

4.2 Køyreveg (SKV)

4.2.1 Offentleg køyreveg

- Køyreveg merka o_SKV skal nyttast til offentleg køyreveg, og omfattar vegbane med skulder, bruer, undergangar, kryssområde og stopplommer.
- Fv. 20 har regulert breidde i samsvar med profil vist i figur 5.1.1 i planomtalen (hovudveg Hø2 med breidde 7,5 m), og planlagt høgde er vist på C-teikningar vedlagt reguleringsplanen.
- Veg1 i Kvalsund hamn skal ha ei breidde på 6,5 m og Veg2 ei breidde på 4,5 m.
- Det er ikkje tillate med andre avkøyrslar til hovudvegen og på sidevegar enn dei som er vist på plankartet. Felles avkøyrslar og private avkøyrslar er regulert som ein del av køyrevegen, og skal vere eigd av det offentlege. Vedlikehaldet skal skje i samsvar med punkt 9 i «Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrslar fra offentlig veg».

4.2.2 Felles vegar

Det er regulert felles vegar merka med f_SKV lista opp nedanfor.

- f_SKV1 for gnr. 35/10, 35/11, 35/37, 35/72, 35/77, 35/79 m.fl.

Vegane gjelder også for eventuelle eigarar av rettar.

4.2.3 Private vegar

Det er regulert private vegar merka med SKV for eigedomane lista opp nedanfor.

- SKV for gnr. 35/10.

Vegane gjelder også for eventuelle eigarar av rettar.

4.3 Gang- og sykkelveg (SGS)

- Område merka o_SGS skal nyttast til offentleg gang- og sykkelveg, og har ei regulert breidde på 3,0 meter.
- Gang- og sykkelveger skal byggjast etter prinsippet om universell utforming.

4.4 Kjørbar gang-/sykkelveg (SKF)

Områda merka o_SKF1 og o_SKF2 skal nyttast til kjørbare gang- og sykkelveg med breidde på 4 m.

4.5 Gangveg/gangareal (SGT)

Område merka o_SGT skal nyttast til offentleg gangareal og venteareal for buss. På desse områda kan det settast opp buskur. Områda skal ha universell utforming.

4.6 Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)

Sideareal merka o_SVT, f_SVT og SVT skal nyttast til skjeringar, fyllingar, grøfter, rekkverk, murar og eventuelle støyskjermingstiltak langs offentleg, felles og privat køyreveg. Teknisk infrastruktur som rør, kablar, slukar, skilt/skiltportalar, veglys og viltgjerder kan også plasserast innanfor arealet.

4.7 Annan veggrunn – grøntareal (SVG)

Sideareal merka o_SVG, f_SVG og SVG skal nyttast til skjeringar, fyllingar, grøfter, rekkverk, murar og eventuelle støyskjermingstiltak langs offentleg, felles og privat køyreveg. Teknisk infrastruktur som rør, kablar, slukar, skilt/skiltportalar, veglys og viltgjerder kan også plasserast innanfor arealet.

4.8 Kai (SK)

Formål, utnytting og høgder

Kai o_SK1

Området er avsett til offentleg kai, og skal nyttast i samanheng med slipp og næringsbygningar knytt til BN3 og BN5.

Kaia skal opparbeidast på ein robust og handverksmessig god måte.

Søknad om tiltak skal innehalde teknisk dokumentasjon av robustheit og kvalitet.

Kai o_SK2 og o_SK3

Områda er sett av til offentleg kai.

I områda kan det tillast oppføring av bygningar og anlegg som er naudsynt for offentleg trafikkavvikling. Områda skal vere allment tilgjengeleg og kan ikkje gjerdast inne på nokon måte.

Kai o_SK4

Området er avsett til offentleg kai, og nyttast i samanheng med næringsbygningar på områda BN4.

Kaia skal opparbeidast på ein robust og handverksmessig god måte.

Søknad om tiltak skal innehalde teknisk dokumentasjon av robustheit og kvalitet.

Kai f_SK

Området er avsett til felles kai i naustområde BUN2. Kaia skal opparbeidast på ein robust og handverksmessig god måte. Søknad om tiltak skal innehalde teknisk dokumentasjon av robustheit og kvalitet.

4.9 Kollektivhaldeplass (SKH)

Område merka o_SKH1 og o_SKH2 skal nyttast til haldeplassar for buss. Områda skal ha universell utforming.

4.10 Parkeringsplassar (SPA)

Parkeringsplassar skal ha fast dekke og skal planleggjast med ei hovudinndeling som gir rasjonell utnytting av plassen.

- Områda merka o_SPA1 og o_SPA2 og skal nyttast til offentleg parkering i Kvalsund hamn.
- Områda merka f_SPA1, f_SPA2 og f_SPA3 skal nyttast til felles parkering i tilknytning til næringsområda (BN) i Kvalsund hamn.

§ 5. Grøntstruktur

5.1 Naturområde – grønnstruktur (GN)

- Område merka o_GN skal ikkje bebyggast eller gjerast inngrep i. Området skal vere allment tilgjengeleg.

5.2 Vegetasjonsskjerm (GV)

- Områda merka o_GV1 og o_GV2 skal nyttast til vegetasjonsskjerm.
- Område o_GV1 er sett av som ein buffer rundt bekkemunna i Kvalsund hamn og område o_GV2 er sett av som buffer mellom ny veg og eksisterande bustader i Kvalsund.
- Områda skal behaldast slik som i dag og o_GV2 kan plantast til for å oppnå betre skjerming.

§ 6. Landbruk, natur og friluftsområde og reindrift

6.1 Landbruks-, natur- og friluftsområde

Område merka LL skal nyttast til landbruksformål.

I område med mykje vassig bak vegskjeringane er det tillate å bygge terrenggrøfter. I område LL5 skal det vere graveforbod innanfor H730/H570 sonene.

§ 7. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

7.1 Farleier (VF)

Område merka med o_VF på plankartet er sett av til farleier.

7.2 Hamneområde i sjø (VHS)

Områd1 merka med o_VHS1 på plankartet er sett av til hamneområde.

Det er ikkje tillate å legge leidningar eller rør i område til hinder for oppankring eller bruk av anker i samband med tillegging til kaier. Andre tiltak som kan bli til hinder for ferdsel på sjø skal ikkje tillast.

Før tiltak i sjø kan settast i verk må det ligge føre løyve etter hamne- og farvannslova.

Områda merka med o_VHS2 og o_VHS3 på plankartet er også sett av til hamneområde.

I desse områda er det tillate med etablering av landfaste flytebrygger. Det er også tillate med utlegging av mindre flytebryggjer og liknande som ein ser som naudsynt for å kunne utføre og tene det som naturleg høyrer med i drifta av ei småbåthamn. Godkjenning av tiltak og anlegg i sjø må godkjennast av Kystverket.

7.3 Naturområde i sjø og vassdrag (VNV)

Områda merka med o_VNV1 og o_VNV2 på plankartet er sett av til naturområde i sjø. Innanfor desse områda kan mellombelse tiltak knytt til gjennomføring av Nerlandsøybrua tillatast. I område o_VNV2 kan tiltak som er nødvendig for vedlikehald av eksisterande molo tillatast.

§ 8. Omsynssoner

8.1 Faresone høgspentanlegg

Område merka H370 gjelder sikkerheitssone under og rundt høgspentalinjer. Tiltak i desse områda skal godkjennast av leidningseigar. Det kan gjennomførast nødvendig flatehogst. Det er ikkje tillate med tiltak som legg til rette for varig opphald innanfor dette området.

8.2 Soner med særlege omsyn

8.2.1 Bandlegging kulturminne

Naustområde (Omsynssone H730_1). Verneverdige bygningar skal behaldast slik dei ligg i dag. Eksisterande bygningar i området kan berre ombyggast og moderniserast om eksteriøret blir behalde uendra. Det er ikkje tillate å gjere inngrep i strandsona.

Automatisk freda kulturminne (Omsynssone H730_2 og 3) er bandlagt etter kulturminnelova. Her ligg det eit busetnads- og aktivitetsområde frå steinalder og eit gravfelt frå jernalderen beståande av fire gravrøyser og ein bautastein. Det er ikkje tillate å setje i gong tiltak som er eigna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme dei automatisk freda kulturminna eller framkalle fare for at dette kan skje.

8.2.2 Bevaring kulturmiljø

Omsynssona H570_1 omfattar bufferareal for det automatisk freda kulturminne i H730_2. Innanfor H570_1 er det ikkje lov å køyre med tunge køyretøy, lagre anleggsutstyr eller byggemateriale, eller gjere inngrep i grunnen. Før arbeidet med riving av eksisterande bru tek til, skal Møre og Romsdal fylkeskommune kontaktast for å avklare om spesielle omsyn må takast gjennom anleggsarbeidet.

§ 9. Områdeføresegner

9.1 Mellombels massedeponi, rigg- og anleggsområde

Generelle føresegner for rigg- og anleggsområde:

- Rigg- og anleggsområde kan nyttast til all verksemd som er nødvendig for gjennomføring av veganlegget, slik som mellombelse bygningar og anlegg, mellombels lagring og vidareforedling av massar, lagring av stadeigen vegetasjon, oppstillingsareal for bilar/maskinelt utstyr m.v.

- Når områda blir tekne i bruk, skal dei sikrast på forsvarleg måte.
- Det kan anleggjast mellombelse vegar for handsaming av trafikk i bygge- og anleggsfasen.
- Der rigg- og anleggsbeltet kryssar avkøyrslar og tilkomstvegar/driftsvegar, skal anleggsdrifta planleggast og utførast slik at den ikkje hindrar bruken av desse i vesentleg grad.
- Matjord skal takast vare på og nyttast til tilbakeføring til landbruksareal. Matjord skal ikkje flyttast mellom ulike eigedomar.
- Det skal takast forholdsreglar for å unngå spreieing av framande artar og smittestoff, både gjennom flytting av vatn eller jord, samt bruk av utstyr eller massar som kan ha vore i kontakt med slike artar/smittestoff.
- Etter at anleggsperioden er over, og seinast i løpet av sommaren etter ferdigstilling av anlegget, skal alle berørte område settast i stand og såast i, eller vere naturleg revegetert. Områda skal deretter gå over til dei arealformåla som er vist i plankartet.
- Ved overskriding av støygrensene gitt i tabell 4 og 5 i retningsline for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442) skal tilrådingane i kapittel 4 i rettleiaren til retningslinene (M-128 2014) følgjast.

Spesielle føresegner for det enkelte område:

- Område merka #1 er område for riving av eksisterande bru inkludert fundament.
- Område merka #2 er tilbakeføring av bruvegen på Igesund til landbruksformål.
- Områda merka #3 er anleggsbelte i samband med riving av eksisterande bru og fjerning av landkarfylling på Igesund.
- Områda merka #4, #6, #7 og #11 - #13 og er anleggsbelte som kan nyttast til mellombelse vegar for avvikling av trafikk, lagring av massar og stadeigen vegetasjon mv. Når områda blir tekne i bruk, skal dei sikrast på forsvarleg måte. Matjord skal takast vare på og nyttast til tilbakeføring av landbruksareal.
- Område merka #8 vist på plankart 4/4 skal spesielt nyttast til riggplass med mellombelse bygg (brakker) og lagerområde for anleggsmaskiner og driftsutstyr.
- Område merka #9 vist på plankart 3/4 og 4/4 skal spesielt nyttast til riggplass for bygging av ny bru. Området kan også nyttast til mellombelse bygg (brakker), lagerområde for anleggsmaskiner og driftsutstyr og lagring av overskotsmasse. Etter avslutta anlegg skal området bakkeplanerast så langt det er tilgjengelege masser på anlegget.
- Område merka #5 vist på plankart 2/4 og 3/4 skal spesielt nyttast til anleggsveg for bygging av ny bru frå fjøra på Igesund og fram til hovudaksen til brua. Det skal berre byggjast anleggsveg på ei side av brua.
- Område merka #10 vist på plankart 1/4 og 2/4 er anleggsbelte for bygging av ny bru. Det er tillate å fjerne moloen i dette området i anleggsperioden.

9.2 Områdeføresegner RpBO – automatisk freda kulturminne

Før iverksetjing av tiltak i medhald av plan, skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna id 136386 og 231182, som er merka som område for føresegn RpBO136386 og RpBO231182 i plankartet.

Tiltakshavar skal ta kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan bli fastsett. Den arkeologiske granskinga skal dekkast av tiltakshavar, jf. kulturminnelova § 10.

Det automatisk freda kulturminnet, id 113831 og 231382, som er merka som område for føresegn,

RpBO113831 , RpBO231382, er allereie tilstrekkeleg undersøkt og kan bli fjerna utan vilkår. Den delen av sikringssona til id 45872 som er merka som område for føresegn RpBO45872 blir dispensert for gjennom planvedtak. Anleggsarbeidet i området skal bli gjort greie for i Ytre miljøplan og skje i samråd med regional kulturminnestyresmakt, Møre og Romsdal fylkeskommune.

§ 10. Rekkefølgeføresegner

10.1 Ytre miljøplan

Før byggjearbeid kan setjast i gang, skal det vere utarbeidd ein ytre miljøplan som sikrar at føringar og krav for det ytre miljøet blir teke i vare på ein systematisk måte i den vidare detaljering og prosjektering. Særlege miljøutfordringar som YM-planen må svare ut er lista opp i punkt 7.3 i planomtalen.

10.2 Støytiltak

Støytiltak skal være ferdigstilt før veganlegget blir opna for trafikk.